

## GEBYRREGULATIV SLAM 2017

ÅRIM fakturerer ti av eigarkommunane per tømning, medan eigarkommunane fakturerer abonnentane ein fast pris per betalingstermin. Pris til kommunane per tømning er slik (basert på budsjettforslag frå ÅRIM og eks mva):

Teneste	Pris	Eining
Slam 0 – 4 m <sup>3</sup> – planlagd tømning	1811	Per tømning
Slam 4,1 – 9,5 m <sup>3</sup> – planlagd tømning	7343	Per tømning
Slam 9,6 – 16,5 m <sup>3</sup> – planlagd tømning	5896	Per tømning
Minirensesanlegg	2779	Per tømning
Stor tank > 16,5 m <sup>3</sup>	505	Per m <sup>3</sup>
Tett tank 0 – 6 m <sup>3</sup> – årleg eller fast tømning	2779	Per tømning
Tett tank 6,1 – 16,5 m <sup>3</sup> – årleg eller fast tømning	5391	Per tømning
Tett tank > 16,5 m <sup>3</sup> – årleg eller fast tømning	505	Per m <sup>3</sup>
Ekstraarbeid	1329	Per time
Ekstratømning 0 – 4 m <sup>3</sup>	2904	Per tømning
Ekstratømning 4,1 – 9,5 m <sup>3</sup>	3910	Per tømning
Ekstratømning 9,5 – 16,5 m <sup>3</sup>	6479	Per tømning
Ekstratømning minirensesanlegg	3239	Per tømning
Ekstratømning stor tank > 16,5 m <sup>3</sup>	531	Per m <sup>3</sup>
Ekstratømning tett tank 0 – 6 m <sup>3</sup>	3239	Per tømning
Ekstratømning tett tank 6,1 – 16,5 m <sup>3</sup>	6479	Per tømning
Ekstratømning tett tank > 16,5 m <sup>3</sup>	559	Per m <sup>3</sup>
Nødtømning 0 – 4 m <sup>3</sup>	4691	Per tømning
Nødtømning 4,1 – 9,5 m <sup>3</sup>	6479	Per tømning
Nødtømning 9,5 – 16,5 m <sup>3</sup>	8937	Per tømning
Nødtømning minirensesanlegg	4021	Per tømning
Nødtømning stor tank > 16,5 m <sup>3</sup>	559	Per m <sup>3</sup>
Nødtømning tett tank 0 – 6 m <sup>3</sup>	4021	Per tømning
Nødtømning tett tank 6,1 – 16,5 m <sup>3</sup>	6702	Per tømning
Nødtømning tett tank > 16,5 m <sup>3</sup>	670	Per m <sup>3</sup>

ÅRIM handterer kundeoversikta, fører gebyr og handterer hovuddelen av kostnadene til slamtømning i heile Ålesundregionen. Tilbodet til abonnentane kan kort beskrivast slik:

### 1 Tømning av slam frå bustader («septiktankar»)

Dei fleste slamabonnentane i Ålesundregionen har ein septiktank, altså ein tank med utløp. Tanken blir tømd på rute annakvart år. Pris for tømninga er avhengig av storleik på tanken.

## *2 Tømming av slam frå fritidsbustader («septiktankar»)*

Tanken blir tømd på rute kvart fjerde år. Pris for tømminga er avhengig av storleik på tanken.

## *3 Tømming av tette tankar og minirenseanlegg*

Tanken blir tømd på rute kvart år. Pris for tømminga er avhengig av storleik på tanken. Minirenseanlegg har fastpris (opp til eit visst volum).

## *4 Tømming av store tankar*

Tanken blir tømd på rute kvart år. Pris for tømminga er avhengig av storleik på tanken.

## *5 Hyppigare tømming til abonnentar som har behov for dette*

Mange slamabonnentar har eldre tankar som er mindre enn det som i dag blir vurdert som minstekrav til tankvolum. Dette kan i nokre høve gi driftsproblem (lukt, tetting osv.). Desse abonnentane (og andre med særskilte behov) har høve til å tinge tømming på rute kvart år. Pris for tømminga er avhengig av storleik på tanken.

## *6 Ekstratømmingar*

Abonnentar har i nokre høve behov for ekstratømmingar, t.d. i samband med rørleggjararbeid. Dette kan tingast med fire dagar varsel. Pris er avhengig av type tank og storleik.

## *7 Nødtømmingar*

Nødtømming er aktuelt der tankar går tett eller ved andre akutte driftsproblem. Dette kan tingast med 24 timar varsel (døgnvakt). Pris er avhengig av type tank og storleik.

## *8 Ekstratenester*

ÅRIM kan i nokre høve tilby ekstratenester, som t.d. spyling av tank i samband med tømming. Dette blir fakturert ut frå medgått tid